

Kvinnheringen tar pulsen på Uskedalen.

28.07.2015



To hyggelege Kvinnheringen-journalistar, Ole Martin Røssland og Mona Grønningen.

Tirsdag i tolvtida tok dei to Kvinnheringen-journalistane, Mona Grønningen og Ole Martin Røssland(ferievikar), oppstilling ved SPAR Uskedalen. Dei er no på ein runde for om koma tettare på lesarane, gjera seg kjent med bygdene og henta gode tips. Dei har tidlegare vore på Varaldsøy, på Sandvoll og i Rosendal for å nemna noko.

Det er nok ikkje tilfeldig at dei har valt Uskedalen akkurat denne tirsdagen. Dei ønskjer sjølvsagt å loddar Festidalen-stemninga før den store festen brakar laus.

- Vi ønskjer å koma i kontakt med folk og høyra kva meininger dei har om Festidalen, og kva dei meiner det har å bety for bygda, og Kvinnherad elles, seier Mona Grønningen.

Dei har også ein plan over fleire aktivitetar dei vil innom, for dei er godt orientert om det som skjer i bygda denne dagen. Dessutan er dei interessert i tips om godt Uskedalsstoff som dei kan arbeida vidare med og presentera seinare.

- Eg håpar vi får god kontakt med bygdefolket, og at dei hjelper oss med godt og interessant stoff til avisar, avsluttar Mona.

Dette er ein flott mulighet til å få presentert bygda. Eg håpar uskedelingar og feriefolk stiller opp, og ikkje spring unna når dei ser dei to smilande journalistane med kamera! Eg gleder meg ekstra til neste nummer av Kvinnheringen!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland